



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

## **REFERAT frå Kviteseid Sokneråd**

Torsdag, 27.04.2023, kl. 18.00

Stad: Kommunehuset

### **Innkallast:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

**Forfall:** Toralf Grave, Vidar Syrtveit Mikalsen og Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Gudrun Nordbø Venås

Olav Holm deltok på møtet frå kl. 18.00 – 20.00

Asgeir Sele deltok frå kl. 19.00-21.00

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 25.23 FR</b>	<b>Innkalling og sakliste</b>
<b>SR-sak 26.23 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 27.23 FR</b>	<b>Revisjonsberetning for 2022</b>
<b>SR-sak 28.23 FR</b>	<b>Kyrkjevalet 2023</b>
<b>SR-sak 29.23 SR</b>	<b>Besøk av Prost Asgeir Sele</b>
<b>SR-sak 30.23 SR</b>	<b>Minnelund på Kviteseid kyrkjegard</b>
<b>SR-sak 31.23 SR</b>	<b>Streaming frå Kviteseid kyrkje</b>
<b>SR-sak 32.23 SR</b>	<b>Evaluering av Fasteaksjonen og Fellesmøte</b>
<b>SR-sak 33.23 FR</b>	<b>Bruk av media (Kyrkjebladet, nettsida, Facebook og anna)</b>
<b>SR-sak 34.23 SR</b>	<b>Ambassadør for BUFETAT</b>
<b>SR-sak 35.23 FR</b>	<b>Eventuelt</b>

<b>SR-sak 25.23 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MG</b>
------------------------	--------------------------------	-----------

Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 19. april 2023 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost).

Merknader til innkalling eller saksliste?

**Forslag til VEDTAK:**

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

**VEDTAK:**

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

<b>SR-sak 26.23 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>	<b>MG</b>
------------------------	--------------------------	-----------

**1. Arrangement sidan sist SR:**

- a. Språk-kafé 8. mars
- b. Fellesmøtehelg 10.-12. mars, i Kviteseid kyrkje. Talar: Curt Westmann
- c. Taizèbøn onsdag 22. mars kl. 19.30 i Kviteseid kyrkje
- d. Matteus-pasjonen: Dagfinn Køhn har omsett delar av Matteus-pasjonen v/ Bach, som vart ein vesentleg del av langfredags-gudstenesta i Kviteseid 7. april.

**2. Planlagde arrangement:**

- a. Samtalegudsteneste og konfirmantfest 30.april
- b. Soknemøte 7. mai i Kviteseid kyrkje, etter gudstenesta
- c. Språk-kafé vidare: 10.mai og 7. juni. (10.5 som eit oppdrag i Godhetsveka)
- d. Godhetsveka 2023: 8.-12. mai, med felles gudsteneste i Bryggeparken søndag 14. mai

3. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sende 29.03.2023 endeleg godkjenning av tilbygg til bårehuset i Kviteseid. Plankontoret i Nissedal godkjende søknaden 14.04. Byggmeister Svein Heggtveit planlegg byggestart så snart det let seg gjera. Staben gjer noko eigeninnsats, som å fjerne terrasseborda (for gjenbruk til rampe), og ta av takstein (for å prøve å selje dei)

4. Brev av 30.01.2023 frå Silvi Montana, Eit selskap i Cappelen-gruppen ang. eigedomsoverføring av Kviteseid Gamle kyrkje til Kviteseid sokn. I samband med dette bad kyrkjeverja Biskop og KA om juridisk bistand. Biskopen sende 14.2. saka vidare til ein jurist i Kyrkjerådet. KA hadde lite å seie om saka. Biskopen har svara at dei kjem tilbake til saka snarleg.

5. Publikumsinformasjon vedr. gravlegging og kyrkjegardane er revidert og ligg ute på den nye heimesida vår - kyrkja.no/kviteseid. (sjå nedst på infosida om Gravferd) Informasjonen blir kopiert opp til gravferdsbyråa for utdeling til pårørande.

6. Referat frå møte i Kulturutvalet 29. mars, *ligg ved.*

7. Arbeidsbilen til soknet, Isuzu D-max blir kjøpt ut frå Seljord Bil frå 1.mai 2023 etter 5 år med leasing. Staben vurderer å få reparert småskader på bilen, eller om dei kan vere.

8. Digitalt trommesett er kjøpt inn brukt for kr 13.000. Organisten finn tenleg plassering og lagringsplass til dette i samråd med kyrkjetenarane.
9. Demenskor for Kviteseid og Seljord, med organist Olav Holm som pianist, blir geografisk i Seljord, og som eit prøveprosjekt no våren 2023. Skal det halde fram med øvingar kvar veke, kan det hende at koret må finne annan eigna pianist enn Olav. Oppstart 20.april.
10. Toralf Grave har søkt om og fått fritak frå vervet i soknerådet for resten av perioden, av helsemessige årsaker. Det vil då og gjelde plassen i kulturutvalet. Vigdis Bruhaug blir dermed fast medlem av Soknerådet; Eva Lier blir varamedlem og møter på alle møtene resten av perioden.
11. Bruk av premiefondet i KLP. Soknerådet har for budsjettåret 2023 ikkje tatt høgde for å bruke av premiefondet i KLP. Men sidan dette ikkje vart endra i tide, blir det bruka for 1. og 2. kvartal 2023. Saldo 1.1.23 var kr 249.076. Saldo etter faktura for 2. kvartal blir kr 127.188. Nå er det lagt inn at det ikkje skal brukast frå premiefond inntil vidare. Resultatet av dette er at budsjettposten godt kan reviderast. Det kan bli på eit seinare møte i år.
12. Det gler oss at country-bandet NO BOOTS med Jan Gunnar Haugen i spissen, fekk Diakoniprisen for 2023. Gratulerer. Det skjedde under Diakonisamlinga for Vest-Telemark, på kulturhuset på Dalen søndag 16. april. Sjå fin omtale og oversikt på nettsida vår kyrkja.no/kviteseid/
13. Båreteppe som har blitt oppbevara hos Seljord Gravferdsbyrå i Kviteseid, bør kanskje frå no oppbevarast på kyrkjekontoret. Dette er for lettare og lik tilgang for alle i og med at Vest-Telemark Gravferdsbyrå har fått stadig større del av gravferdene i soknet. Dette må i tilfelle kunngjerast. Kanskje i Kyrkjebladet?
14. 185 fakturaer for festeavgift er sendt ut 25/4. Det er fakturert for kr 355.000. Vi har budsjettert med inntekt på kr 310.000 fordi vi reknar med nokre slettingar av graver.
15. 11.mai er det infomøte for neste års konfirmantar. Brev er sendt ut.

SR-sak 27.23 FR	Revisjonsberetning for 2022	KS
<p>Vestfold og Telemark revisjon IKS ved oppdragsansvarleg statsautorisert revisor Hilde Vatnar sende 14. mars 'Melding frå uavhengig revisor'. Her er konklusjonen limt inn:</p> <p>MELDING FRA UAVHENGIG REVISOR  Utsegn om årsrekneskapen  Konklusjon  Vi har revidert årsrekneskapen for Kviteseid Sokn som viser eit netto driftsresultat på Kr 70740 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 70740. Arsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2022, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.  Etter vår meining</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og</li> <li>• gjev årsrekneskapen ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kviteseid</li> </ul>		

Sokn per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke og god kommunal rekneskapsskikk i Norge

**Vedlegg:** *Revisjonsberetning 2022*

**Vedtak i AU:** AU tek orienteringa til vitande og tilrår SR å gjere det same.

**Forslag til VEDTAK i SR:**

Kviteseid sokneråd tek revisjonsmeldinga til vitande.

**VEDTAK i SR:**

Kviteseid sokneråd tek revisjonsmeldinga til vitande og takka kyrkjeverja for godt arbeid med rekneskapen for 2022.

**SR-sak 28.23 SR**

**Kyrkjevalet 2023**

**MG**

Valkomiteen leverte før fristen 31. mars kl. 12.00 si liste til kandidatar til komande sokneråd. Meir enn 10 personar har etter forskrifta støtta forslaget. AU fekk på sitt møte 12. april oppdatering og orientering frå kyrkjeverja.

Plan for valet i Kviteseid sokn er lagt inn i val-modulen i Dei kyrkjelege register. (sjå vedlegget) Kyrkja må følgje kommunen sine stader og tidspunkt for valting, så det er dette som er lagt inn.

Førehandsrøysting

- digitalt frå 10. aug. – 6. sept.
- på institusjonar fylgjer vi kommunevalet: 7. sept.
- På kyrkjekontoret mlm. 10. aug. – 8. sept.:
  - 4 onsdagar frå 11.00-12.00, + torsd. 31. aug. kl. 15.00-20.00
- Under kyrkjekaffien 3. sept. i Kviteseid kyrkje

Handsaming og vedtak på dette møtet:

1. Godkjenning av vallistene (frist: 2. mai)
2. Godkjenning av tid og stad for førehandsrøysting og valting

Kunngjeringar:

1. om supplerande nominasjon er gjort kjent i siste kyrkjeblad (påske 2023). Kjem det inn forslag, må soknerådet/valstyret bestemme innan 20. mai om desse skal godkjennast. Frist for å fremje kandidatar gjennom supplerande nominasjon er 15. mai kl. 12.00.
2. om vallista og valform: på nettsida vår 28.april (frist: 2. mai), på Facebook @kyrkjetrappa.no same dag og annonse i VTB (innlevert 28.4 for innrykk tysdag 2. mai) med vising til nettsida.
3. Frist for å klage på vedteken valliste (frist: 7 dagar etter kunngjering, dvs. 5. mai)

Vi minner om [Valhandboka for kyrkja](#) (for valstyret/soknerådet) og nettsida [kirken.no/valg/](http://kirken.no/valg/) for publikum/veljarane.

Opplæring av valfunksjonærar er via video-filmar. Fire slike ligg i [ressursbanken.kirken.no](http://ressursbanken.kirken.no) står det i eit rundskriv som kom 19. april. Der er mykje nyttig informasjon. Vi kjem tilbake til

opplæringa.

**Vedlegg:** Valkomiteen si liste for soknerådsvalet 2023, og Plan for lokalt val - Medlemsregister

**Forslag til VEDTAK:** Soknerådet godkjenner vallistene frå nominasjonskomiteen og tid og stad for førehandsrøysting og valting.

Soknerådet retta ein stor takk til nominasjonskomiteen med Marit Sørby i spissen for godt arbeid med å finne kandidatar til haustens soknerådsva.

**VEDTAK:** Soknerådet godkjenner vallistene frå nominasjonskomiteen og tid og stad for førehandsrøysting og valting.

SR-sak 29.23 SR	Besøk av Prost Asgeir Sele	MG
<p>Prost Asgeir Sele kjem på sitt årlege besøk til soknerådet og deler med oss aktuelle saker frå prostiet, bispedømet og kyrkjerådet.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Soknerådet takkar for visitasen ...</p> <p>Her er nokre stikkord frå informasjon og samtale:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ang. kyrkjeleg organisering: Det er vedtatt at det skal bli ein felles ‘dual’ leiing av fellesrådet. Hos oss blir det gjerne delt leiing mellom kyrkjevevje og sokneprest.</li><li>• ‘Kirka vår’ er eit dataprogram for heilheitleg plan for råd og stab. Her skal alle lokale planar samlast. SR vedtar og held vedlike planane som er bindande for stab, inkl. sokneprest. Vi legg inn det vi har av dagens planar før nytt sokneråd tar til seint i haust. Det gjeld til dømes Trusopplæringsplan, Diakoniplan og Kulturplan.</li></ul> <p>Frå prostiet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Nesten 1/3 av 21 prestar i prostiet, byttes nå ut, i tillegg til 2 kyrkjevevjer.</li><li>• 2 av stillingane er ‘Prest under utdanning’. Det gjeld Fyresdal og kappelan i Bø. (Elles held Sigrun Lønning Solvang på med slik presteutdanning)</li><li>• Ønsket og elsket har eit ‘generasjonsskifte’. Ragnar Nørstrud slutta tidlegare i år og Karoline Bringsås sluttar no. Petter Jakobsen held på å trappe ned her og auke stillinga si som kyrkjevevje i Seljord. Frå hausten står han igjen med 30 av sine opphavelge 50%. Granvin er dyr å leige. Gullbring er dyrare. Det arbeidast med å finne rimelegare løysing. Prostirådet vert snart innkalla.</li></ul> <p><u>Soknerådet</u> bør evaluera denne perioden. Kva har fungert og bør vidareførast? Kva drømmer hadde vi som ikkje vart noko av? Og Kvifor?</p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet takkar prosten for besøket.</p>		
SR-sak 30.23 SR	Minnelund på Kviteseid kyrkjegard	MG/KS
<p>AU handsama denne saka 12. april 2023.</p> <p>Soknerådet har tidlegare vore inne på etablering av ein minnelund på kyrkjegarden i Kviteseid.</p>		

Minnelund kan vere så mangt. Dei to vanlegaste er anonym og namna minnelund, hovudsakleg for urnegraver, men det kan og vere for kistegraver der pårørande ikkje ynskjer eigen gravstein og grav som må stellast. Vi kan ha ein kombinasjon som dekkjer fleire behov, eller velje namna. På namna minnelund vil det vere mogleg å kjøpa eit skilt med inngravert namn og data på avlidne. Vi må bestemme utforming og storleik på skiltet, og fastsetja ein pris for eit fastbestemt tal på år (oftast 20 år). Urnegrav er utan festeavgift, så det er plassen på minnesteinen folk betalar for.

Før vi går vidare med saka, vil det være nyttig å plassere den geografisk på kyrkjegarden. Difor er det ynskjeleg at AU har ei rask synfaring på kyrkjegarden før møtet i SR.

Soknerådet sin tilsette Bjørn Stian Sigurdslid har på 'Gravlund-skolen' i desember hatt som oppgåve å prosjektere ein minnelund. Her har han med skisser, framdriftsplan, planteliste og vedlikehaldsplan, men ikkje nokon økonomisk kalkyle. Det utarbeider vi når vi finn plassering og utforming av minnesmerke.

Etter eit SR-vedtak vil vi utarbeide detaljar og priskalkyle, før søknad blir sendt til Statsforvaltaren for vedtak, med kopi til Prost og Biskop.

Det er ein fordel å ha lese vedlegget som er Bjørn Stian si oppgåve, før synfaringa på kyrkjegarden. Kyrkjevevja har tankar om anna plassering og utforming som blir lagt fram på synfaringa og i møtet. Som gravferdsmyndigheit må vi tenke på mellom anna det visuelle og tilgjenge med universell utforming. Økonomi vil og vera styrande. Vi kan lage noko enkelt, tenleg og fint, og vi kan lage kostbare store prosjekt med arkitektar og anleggsfolk, der det siste krev mykje meir tid og pengar. Det er ingen formelle krav til det siste.

Så kjem det og ei sak seinare om kva dette skal koste brukarane, der soknerådet legg fram forslag til prisar for kommunestyret.

**Vedlegg:** Prosjekt Minnelund Kviteseid ved B.S. Sigurdslid.

#### **VEDTAK i AU:**

AU har vore på synfaring og drøfta dei forskjellige alternativa. Det var semje om at Sigurdslid hadde gjort eit godt førearbeid, og at alternativ plassering også blir lagt fram for soknerådet.

Saksvedlegget frå Sigurdslid er utvida med nokre bilete og kartskisser. Ynskjer nokon i soknerådet å sjå plassen før møtet, så vil vedlegget vise klart kvar minnelund er tenkt plassert. På Gravplassforeningen si nettside, står det mykje og [god informasjon om namna minnelund](#). Det er ei rettleiing for anlegg av namna minnelund.

#### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet har drøfta dei forskjellige alternative plasseringane for minnelund i Kviteseid, og ber kyrkjevevja arbeide vidare med detaljar for plassering på alternativ ....., utarbeide budsjett og søkje Statsforvaltaren om godkjenning.

#### **VEDTAK i SR:**

Soknerådet har drøfta dei to alternative plasseringane for minnelund i Kviteseid, og ber kyrkjevevja arbeide vidare med detaljar for plassering av minnelund midt i hekken mellom

gravfelt L (som vi brukar i dag) og K (som ligg nedanfor). Kyrkjevevja utarbeider budsjett og søkjer Statsforvaltaren om godkjenning.

**SR-sak 31.23 SR**

**Streaming frå Kviteseid kyrkje**

**MG**

AU handsama denne saka 12. april 2023.

Ref. SR-sak 23.23 der vedtaket lydte slik:

Soknerådet er positive for moglegheita til opptak og live-sending av gudstenester og andre arrangement. Kyrkjevevja finn finansiering. Kulturutvalet utarbeider forslag til retningslinjer for bruk av utstyret og sender saka tilbake til SR for endeleg vedtak.

Sjølv om det er tenkt hovudsakeleg på sendingar til KOS, er det ikkje presisert i vedtaket over her, og heller ikkje nemnt spesielt i det fylgjande frå kulturutvalet.

Kulturutvalet har arbeidd vidare med dette og legg fram retningslinjer i sak KU-sak 9/23 29. mars (står januar i overskrifta deira):

**Sak 9/23: Retningslinjer i samband med strøyming av konserter og gudstenester**

Me foreslår desse retningslinjene for neste sokneråd, med utgangspunkt i kyrkja sine anbefalte retningslinjer:

***Retningslinjer i samband med strøyming av konserter og gudstenester***

*Informasjon om overføringa hengast opp ved inngangen og det er munnleg informasjon før sjølve arrangementet startar. Ein opplyser om målgruppa for strøyminga og kvar man kan setje seg for ikkje å bli eksponert. Dette siste kan også merkast fysisk med skilt/lappar i benkene.*

*Alle som visast på strøyminga på ein slik måte at dei kan gjenkjennast, må gi samtykke til dette på forhånd på eige skjema. Generelt unngår ein nærbilde av barn, inkludert dåpsbarn. Frå nattverdshandlinga visast det ikkje bilde når folk kjem fram og nattverden delast ut.*

**Vedlegg:** Referat frå kulturutvalet KU-referat2023.03.29

**VEDTAK i AU:** AU tilrår SR å godkjenne ‘Retningslinjer i samband med strøyming av konserter og gudstenester’ slik kulturutvalet har forma dei med utgangspunkt i kyrkja sine anbefalte retningslinjer. AU tilrår ein avgrensa prøveperiode med sending av utvalde gudstenester og andre arrangement til KOS, og til privatpersonar som ikkje er i stand til å kome til kyrkje til dømes på grunn av sjukdom.

Kulturutvalet har ei prøvesending før sommaren.

**Forslag til VEDTAK i SR:** SR godkjenner ‘Retningslinjer i samband med strøyming av konserter og gudstenester slik kulturutvalet har forma dei med utgangspunkt i kyrkja sine anbefalte retningslinjer. SR går inn for ein prøveperiode på eitt år frå hausten 2023, med

sending av utvalde gudstenester og andre arrangement. Sendingane går i prøveperioden til Kviteseid Omsorgssenter og til privatpersonar som ikkje er i stand til å kome til kyrkje til dømes på grunn av sjukdom. Desse kan få tilsendt ein link til sendinga. Sokneprest, organist og kyrkjevevjerje finn i fellesskap aktuelle gudstenester og arrangement.

#### **VEDTAK:**

SR godkjenner 'Retningslinjer i samband med strøyming av konsertar og gudstenester slik kulturutvalet har forma dei med utgangspunkt i kyrkja sine anbefalte retningslinjer. SR går inn for ein prøveperiode på eitt år frå hausten 2023, med sending av utvalde gudstenester og konsertar. Sendingane kan i prøveperioden gå til Kviteseid Omsorgssenter og til privatpersonar som ikkje er i stand til å kome til kyrkje til dømes på grunn av sjukdom. Desse kan få tilsendt ein link til sendinga. Sokneprest, organist og kyrkjevevjerje finn i fellesskap aktuelle gudstenester og konsertar. Ordninga blir evaluert etter prøveperioden.

**SR-sak 32.23 SR**

**Evaluering av Fasteaksjonen og Fellesmøte**

**MG**

1: Fasteaksjonen var her i Kviteseid tysdag 28. mars.

**Kviteseid:** Kristen Salmelid og Knut Ove Lofstad sat i inngangspartiet på kommunehuset og delte ut bøsser og informasjon. Konfirmantane fekk utdelt kart over sine respektive roder. 11 roder. 9 konfirmantar frå kyrkja og 2 frå Misjonshuset. Ein gjekk berre til fots i sentrumsområda. Marit Gotuholt var mykje med på oppteljing då konfirmantane returnerte. Vi hadde brus og kaffi, og Kirsti Skjæveland hadde laga gode bollar. Få stansa igjen for servering. Etter lang runde i tidvis dårleg ver, ville dei heim. *Roden som inkluderte Kviteseid var lang og kan godt delast opp.* 12 roder vil difor vere passeleg i Kviteseid. Alle var ferdige før 20.30, med unntak av siste som kom 20.45.. Resultat kontant: kr 10.445,-. *Vi må hugse å setje ut bøsser på butikkar og bank i Kviteseid i god tid før fasteaksjonen. Lundenjordet: gå berre i hovudhuset, men kan levere lappar som brukarane kan ta med til føresette.* Anna erfaring: Vi bruker ½ liters brusflasker seinare, slik at konfirmantane kan ta dei med seg.

**Brunkeberg:** Vigdis Bruhaug og Anne Lise Råmunddal hadde base i kyrkjestova i Brunkeberg. 6 roder og 3 konfirmantar, så dei måtte finne 3 ekstra bøsseberarar. *Vi må hugse å sette på varmen i tide i kyrkjestova.*

Dei talde opp i fellesskap i Brunkeberg og melde resultatet til kyrkjevevjerja. Resultat kontant: kr 6405,- (inkl. Dalane som blei levert i Kviteseid)

**Vrådal:** Unni Snaunes og Marit Sørby. Unni fann 2 til for å fylle opp 5 roder. 1 konfirmant. Dei kom sist inn med bøssene, nærmare kl. 21.00. Resultat kontant: kr 7819,- Frå Skreosen til Vrådal er det veldig langt, så den roden bør delast i to, slik at det til saman blir 6 roder i Vrådal.

**Fjågesund:** Aud Turid Fjågesund og Gunn Karin Eikåsen delte Fjågesund mellom seg. Der var det ingen konfirmantar. Resultat kontant: kr 1380,- **Her må eg avklare om det var 1 el 2 som fikk..**

**Kilen:** Elin Yung Larsen kjørte på eiga hand i Kilen og leverte bøssa same kveld. Resultat kontant: kr 404,-

Kontantane vart talde opp i bank 30. mars. Beløpet stemte på krona med det som var talt opp på førehand. Samla kontantar var kr 26.453,- (2022: kr 27.741 og 2021: kr 10.069)



Totalbeløp for Kviteseid sokn i 2023 var kr 52.659,- (2022: kr 63.212 og 2021: kr 55.839. Kviteseid vart nr 7 av 111 menigheitar/sokn i Vestfold og Telemark. Med kr 21,90 i snitt pr innbyggjar, ble vi nr 3 av 23 kommunar i fylket, og nr 22 av 356 kommunar i Noreg

Generelt: *Vi kan godt bestille vestar for fasteaksjonen, slik at dei som går med bøssene kan ha desse på seg og bli meir synlege.*

2: Fellesmøte siste år: *Soknepresten sit i komiteen for fellesmøta og vil gjerne ha tilbakemelding. Ho ser det som positivt at det er eit godt samarbeid mellom dei ulike menigheitane i Kviteseid. Kyrkjeverja er kasserar for dette, derfor nokre ord om det og.*

**Felles sangkveld** i Kviteseid kyrkje 25. sept. 2022 med besøk av Hilde N. og Espen G. Gundersen. Dei kunne godt fått blom.  
*Kollektar kontant og vipps: 2165+2358. Annonse 1000, honorar 11.000.*

**Felles familiemøte** på Misjonshuset 22. jan. 2023 .  
*Kollektar kontant 1602, vipps direkte til Bibelselskapet / Bibelmisjonen. Annonse 750.*

**Fellesmøtehelg** i Kviteseid kyrkje 10.-12.mars 2023. Talar: Curt Westmann. Song og musikkansvarleg: Olav Holm. Det var ei forsamling av eldre personar, få unge vaksne. Kan det ha noko med talaren å gjere? Kan godt ha yngre talar neste år etter fleire år med eldre.  
*Kollektar kontant og vipps: 1250+8430. Annonse 2800.*  
*Fellesmøta har i dag saldo i bank og rekneskap på kr 15.550.*

**SR-sak 33.23 SR**

**Bruk av media** (Kyrkjebladet, nettsida, Facebook og anna)

**ML**

Kviteseid sokn nyttar ulike medium for å gjere kjent kyrkja sitt arbeid og tilbod.

- **Kyrkjeblad:** fire nummer i året. Her har vi kontaktinformasjon, andakt, portrettintervju, anna redaksjonelt stoff knytt til arbeidet i kyrkja, barneside, namn på døypte, vigde og døde, informasjon om arrangement og gudstenester som kjem. *Redaksjonen med Møyfrid Lunde i spissen, gjer ein god jobb. Positiv tilbakemelding på portrettintervjua.*
- **Nettside:** til generell informasjon og til påmeldingar. Her er informasjon om ulike delar av arbeidet, dokumentarkiv frå sokneråd, oppdatert langsiktig kalender m.m. Denne sida er nettopp fornya.
- **Facebook-side:** nyheiter, annonsering av sundagens gudsteneste. *Nokon saknar oppslag av kulturelle arrangement i god tid, slik at dei kan delast. Det gjaldt og dugnadane.*
- **VTB:** del av fellesannonsar for Vest-Telemark til gudstenester og einskild-arrangement, redaksjonelt stoff og gratis smånytt til spesielle ting. *Vi kan gjerne tipse eller lage saker til VTB.*
- **Plakatar:** til gudstenester (2-3 mnd om gongen), og spesielle plakatar til friluftsgudstenester og konsertar. *Lag og legg ut i god tid, slik at folk får tid til å dele.*
- **Snapchat og Instagram** kan gjerne vurderast, men da må ein finna ein dedikert person til dette. *Staben har mykje (nok) å fylgje opp. Kanskje kan ein få med ein yngre person i kulturutvalet som kan gjere noko med dette?*

Olav Holm informerer om dei nye nettsidene. Sjå gjerne igjennom på førehand:  
kirken.no/kviteseid.

Soknerådet kan gje tilbakemeldingar og innspel til korleis vi best mogleg kan nytte dei ulike media som er lista opp her. Skulle vi nytta fleire ulike sosiale medium? Det heile må sjølvsagt vurderast i høve til økonomi, tidsbruk og menneskelege ressursar.

**Forslag til VEDTAK:** Soknerådet tek saka til orientering. Staben følgjer opp dei innspela som kjem opp i møtet.

**VEDTAK:** Som føreslege.

**SR-sak 34.23 SR**

**Ambassadør for Bufetat og fosterheimrekruttering**

**MG**

Den norske kyrkja har saman med Bufetat (Barne, ungdoms og familieetaten) inngått eit samarbeid for å rette søkelys på rekruttering av fosterheimar. Bakgrunnen for samarbeidet er at tidlegare barne- og familieminister Kjell Ingolf Robstad vende seg til alle trus- og livssynssamfunn med oppmoding om å bidra i ein felles dugnad.

I vår region bur det rundt 100 barn som ventar på fosterheim.

Som kyrkje og kyrkjelyd fell det naturleg å vere med på dugnaden. Det handlar om vårt engasjement for barn og unge. Samtidig har vi som kristne samfunnsborgarar eit individuelt kall i forhold til vår neste.

Gjennom ei *lokal ambassadøravtale med Bufetat* bidrar kvar kyrkjelyd i den nasjonale dugnaden. Det blir utarbeidd ein **enkel** plan for samarbeidet. Slik blir kyrkjelyden ein viktig medspelar. Sjå vedlagte brev frå biskopen frå juni 2022.

Diakonirådgevar i bispedømet har og laga eit forslag til tekst til kyrkjelydsblad og nettside, noko som eventuelt kan brukast etter eit vedtak i soknerådet om tilslutning.

Biskopen skriv mellom anna: «*Ambassadøravtalen er en gjensidig forpliktelse mellom Bufetat og menigheten. Menigheten sørger for å spre informasjon gjennom ulike informasjonskanaler som facebook, menighetsblad etc. Bufetat bidrar på sin side, med materiell og tilbyr å være til stede på arrangementer og likende i menigheten for å opplyse om saken. Det utarbeides en enkel plan for samarbeidet. Slik blir menigheten en viktig medspiller.*»

**Vedlegg:** *Brev frå Biskop Stein*

**Forslag til VEDTAK:** Kviteseid sokn blir ambassadør for Bufetat. Ein person i soknet blir oppnemnd som kontakt til Bufetat. Denne vender seg til Bufetat for å avtale besøk og signering av avtale.

**VEDTAK:** Kviteseid sokn går inn for å bli ambassadør for Bufetat. Kyrkjeverja tek kontakt med Bufetat for å avtale besøk og signering av avtale.

**SR-sak 35.23 SR**

**Eventuelt**

**MG**

**Planlagde møte i 2023:**

AU: Onsdagar kl. 14:	24.5.	9.8.	20.9.	
SR: Torsdagar kl. 18:	27.4.	8.6.	24.8.	5.10

Valdagar: 10+11.9.

5.10.: Siste SR for sitjande råd, med konstituering av nytt råd (så både gamalt og nytt råd vert innkalla)

19.10.: Stor frivillighetsfest for rådet og alle frivillige i soknet. Hold av datoen!

22.11.: Første møte for nytt råd (fullmakter, komitear mm)